


Mobbing i barnehagen



fub

FORELDREUTVALET
FOR BARNEHAGAR



“Barna er det mest verdifulle foreldra har, og at barna trivst i sin eigen kvardag, er heilt avgjerande for at dei skal utvikle seg og vekse, og for at foreldra skal vere trygge.”

Er det mobbing i barnehagen?

Det kan vere vanskeleg å definere åtferd blant barnehagebarn som mobbing. Ei av årsakene til det er at barnehagetilsette og foreldre vegrar seg mot å innsjå at også små barn kan plage og trakassere kvarandre, og kva verknad negativ åtferd hos små barn kan ha på andre. At barn blir plaga i barnehagen, er dokumentert gjennom fleire undersøkingar og forskingsresultat, mellom anna i rapportane “Barnehagen som læringsmiljø og dannelsingsarena” (Oppdragsrapport nr. 9/2012, Høgskolen i Hedmark) og “Barns medvirkning og trivsel i barnehagen” (Samfunnsforskning 2012, DMM/NTNU). Når eit barn blir plaga dagleg eller fleire gonger i veka, slik desse rapportane viser, er det negativt og alvorleg.

FUB meiner at det då kan definerast som mobbing.

Mobbing er eit alvorleg problem for dei det gjeld, og det å bli ute-stengt og krenkt med ord og handlingar er like vondtanten vi kallar det mobbing, trakassering eller krenking. Erting og plaging er ikkje det same som mobbing, men dersom ertinga skjer systematisk og over tid mot det same barnet, er det mobbing.

FUB er part i Manifest Mot Mobbing, og vi er opptekne av å setje mobbing i barnehagen på dagsordenen.

Korleis ser mobbing mellom små barn ut?

Undersøkingar om barns opplevingar i barnehagen viser at om lag 12 prosent av barna opplever å bli plaga i barnehagen. Kjenneteikn på slik plaging er at nokon

- slår, dyttar og luggar andre
- ertar, ler av andre og kallar dei dumme ting
- øydelegg og gøymmer andre sine ting
- stengjer andre ute

I barnehagen kan personalet gjennomføre barnesamtalarfor å få vite meir om trivselen og samspelet i barnegruppa.



“Det er ikkje så rart at dei andre barna ertar Nina, ho gråt jo så lett!”

Kva kan barnehagen og foreldra gjere?

Dei vaksne må vere tydelege og seie vennleg frå i aktuelle situasjonar om at mobbeåtferd ikkje er akseptert. Det er viktig å hugse at barna ikkje er jambyrdige i ein mobbesituasjon, og ved å spørje ut barna er det berre den “sterkaste” som blir høyrd.

Vaksne kan òg krenkje barn med ord og handlingar. Barnehagen må ha eit bevisst og definert barnesyn. Respekt og toleranse bør prege alle møte og all kommunikasjon som dei tilsette har med barna.

Dei vaksne må

- vere saman med barna, slik at mobbing blir oppdaga
- vere nær nok til å sjå og høyre
- vere aktive, varme og engasjerte
- bry seg

“Ein vaksen som evnar å setje grenser på ein varm og tydeleg måte, verkar førebyggjande mot mobbing og anna antisosial åtferd. Ein slik vaksen blir sett på som sterk, kan påverke og er ein slik vaksen som barn og unge treng.”

Det må jobbast systematisk med å fremje respekt og toleranse mellom barna i barnehagen. Haldningsfremjande arbeid i barnehagen kan langt på veg førebyggje mobbing og diskriminering mellom barn, ikkje berre i barnehagetida, men òg seinare i livet. Vennskap mellom barn er ein annan viktig føresetnad for å førebyggje mobbing. Foreldra og barnehagepersonalet har ei svært viktig oppgåve med å leggje til rette for og skape vennskap mellom barna.

“Det å ha ein venn og vere en venn er eit godt arbeidsmål for arbeidet med barn i barnehagen. Vennskap er det aller viktigaste verkemiddelet mot mobbing.”



Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Det er svært viktig at foreldra blir involverte med ein gong barnehagepersonalet får mistanke om at nokon blir mobba. Like viktig er det at foreldra melder frå til barnehagen når dei oppdagar mobbing blant barna. Det har svært mykje å seie å seie til barna, foreldra og personalet snakkar saman for å få slutt på mobbinga, og at dei vaksne lagar ein plan for korleis dei kan førebyggje og stoppe mobbing.

I tillegg til å følgje opp trivselen og velværet til sitt eige barn bør foreldra bry seg om og inkludere andre barn i kvardagen. Det kan dei gjere ved å helse på og snakke med dei andre barna i barnehagen, slå av ein prat med dei andre foreldra og invitere barn med heim. Foreldra kan òg bidra til å fremje eit godt miljø i barnehagen ved å snakke positivt om barnehagen, personalet, dei andre barna og familiane deira utanom barnehagetida.



Foreldretvalet
for barnehag r
www.fubhg.no
post@fubhg.no